



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 14.05.2020
Møtestad: Teams-møte
Møtetid: 12:00 - 19:40

Kl. 12:00 - 12:30 SPØRJETIME

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP tom sak 45/20	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdís Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	Aptom sak 46/20	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF tom sak 45/20	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Thea Risøy	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Håland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Henning Fyllingsnes	H tom sak 46/20	Medlem
Terje Sletten-Hansen	FNB	Medlem
Yngve Walaker	FNB tom sak 45/20	Medlem
Thore Helland	FNB	Medlem

Maria Færø	FNB	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem
Harald Breivik	FNB	Medlem
Ståle Hopland	FNB	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Esben André Helland	FRP	Medlem
Andre Fresvik	SV tom sak 45/20	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Morten Klementsens	FNB	Medlem
Heine Fyllingsnes	FNB	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Liv Hopland van der Kooij
Hogne Brunborg	AP i sak 27/20	Tormod Skurtveit
Sean Røskeland	H	Ingrid Fjeldsbø
Erlend Nævdal	FNB	Morten Klementsens
Bente Bergetun	FNB	Heine Fyllingsnes
Anna Ulrika Nordlund	SV tom sak 45/20	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Jarle Landås-kommuneadvokat, Lennart Falkenberg-Arell-rådgjevar, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Silje Haukedal-rådgjevar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
021/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/20	Godkjenning av møteprotokoll
023/20	2. gongs handsaming - Kommunal områdereguleringsplan Rylandshøgda, gnr. 343
024/20	2.gongs handsaming - Detaljreguleringsplan Hamneset - Aurdal
025/20	3.gongs handsaming - Kommunal detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard, Gnr. 316/317
026/20	Avklaring av planinitiativ - Detaljregulering for Snekkevika gnr. 464 bnr. 41 m.fl.
027/20	Kommunedelplan for Meland temarullering areal for havbruk- Vidare prosess knytt til motsegn
028/20	Godkjenning av planstrategi for Alver kommune 2020-2023
029/20	Tilsynsstrategi for Alver kommune 2020-2022
030/20	Tilleggsfinansiering prosjekt 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit
031/20	Tilleggsfinansiering VA-anlegg Buheim, Alversund
032/20	VA-prosjekt i økonomiplanen
033/20	Gebyrregulativ for vatn og avløp 2020, tilpassing til abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp
034/20	Gebyr- og betalingsattsar for 2020. Festeavgift
035/20	Retningsliner Ungdomsrådmidlane
036/20	Prioritering søknader lokale kulturbygg Vestland fylkeskommune
037/20	Tilsynsavgift for tobakkssvarer frå 01.01.2020
038/20	Lokal aktivitetsspakke for næringslivet knytt til koronaviruset
039/20	Medlemskap Klimapartner Vestland
040/20	Medlemskap i Nettverk fjord- og kystkommuner
041/20	Val av representantar til generalforsamling Aufera AS
042/20	Krav om lovlegkontroll av kommunestyrets vedtak om byvekstavtale i møte 20.februar 2020 – sak 003/20.
043/20	Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv u.off.jf.off.lova § 13 3.ledd
044/20	Melding/orientering til kommunestyret 14.05.2020
045/20	Interpellasjon
046/20	Retningsliner for vidare drift av campingplassar, bubilcamping og

gjestehamner i samband med Covid-19

047/20 Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte - justering 14.05.2020

021/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Det vart satt opp 2 ekstrasaker til kommunestyret sak 46/20 og 47/20

Sak 26/20 Snekkevika går ut.

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

KO- 021/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

022/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 022/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

023/20: 2. gongs handsaming - Kommunal områdereguleringsplan Rylandshøgda, gnr. 343

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til områderegulering for Rylandshøgda, PlanID 1256 2016 0004, som vist på plankart sist datert 31.01.2020 og med føresegner av revisjonsdato 31.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.»

Utval for areal, plan og miljø 11.03.2020:

Handsaming:

Fellesframlegg v/Malin Knudsen-Krf

Som rådmann sitt framlegg med følgende endring:

Føresegn 3.3 c tas ut. (Det skal ikkje nyttast reflekterande takflater. Fargebruk på bygningar skal tilpassas ein jordfargeskala som ikkje skil seg ut.)

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 038/20 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til områderegulering for Rylandshøgda, PlanID 1256 2016 0004, som vist på plankart sist datert 31.01.2020 og med føresegner av revisjonsdato 31.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, med følgende endring:

Føresegn 3.3 c tas ut. (Det skal ikkje nyttast reflekterande takflater. Fargebruk på bygningar

skal tilpassas ein jordfargeskala som ikkje skil seg ut.)

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 023/20 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til områderegulering for Rylandshøgda, PlanID 1256 2016 0004, som vist på plankart sist datert 31.01.2020 og med føresegner av revisjonsdato 31.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, med følgende endring:

Føresegn 3.3 c tas ut. (Det skal ikkje nyttast reflekterande takflater. Fargebruk på bygningar skal tilpassas ein jordfargeskala som ikkje skil seg ut.)

024/20: 2.gongs handsaming - Detaljreguleringsplan Hamneset - Aurdal

RÅDMANNEN SIIT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre tek motsegn frå Fylkesmannen i Vestland til følgje og avslår forslag til Reguleringsplan for Hamneset – Aurdal, planid: 1263-201612, som vist på plankart med siste revisjonsdato 29.5.2017 og med reguleringsføresegner med revisjonsdato 31.5.2018.

Blir det levert inn nytt planforslag må dette vere i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12–12.»

Utval for areal, plan og miljø 29.04.2020:

Handsaming

Framlegg M.Andvik:

Vi finner ikke å kunne imøtekomme motsegn fra FM med tanke på byggegrense for funksjonellstrandsone. Endelig handsaming blir utsett til det blir halde meklingsmøte i tråd med pbl 5-6

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (S.Toft-V)

APM- 074/20 innstilling:

Vi finner ikke å kunne imøtekomme motsegn fra FM med tanke på byggegrense for funksjonellstrandsone. Endelig handsaming blir utsett til det blir halde meklingsmøte i tråd med pbl 5-6

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming

Framlegg frå M.Andvik-KRF:

Innstillinga frå utval frå areal, plan og miljø med endring:

Alver kommunestyre imøtekommer ikkje motsegn fra Fylkesmannen. Endeleg handsaming blir utsett til det blir halde meklingsmøte i tråd med pbl 5-6.

Framlegget vart vedteke med 42 røyster (mot A.Nordlund-SV, A.Fresvik-SV, S.Toft-V, L.J.Holme-MDG og M.Riise-MDG)

KO- 024/20 Vedtak:

Alver kommunestyre imøtekommer ikkje motsegn fra Fylkesmannen. Endeleg handsaming blir utsett til det blir halde meklingsmøte i tråd med pbl 5-6.

025/20: 3.gongs handsaming - Kommunal detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard, Gnr. 316/317

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnestadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.»

Utval for areal, plan og miljø 11.03.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 039/20 innstilling:

Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnestadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 025/20 Vedtak:

Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnestadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.

026/20: Avklaring av planinitiativ - Detaljregulering for Snekkevika gnr. 464 bnr. 41 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for areal, plan og miljø stansar ikkje, med heimel i plan- og bygningsloven §12-8, 2. ledd, privat planinitiativ for regulering av Snekkevika, gnr. 464 bnr. 41 m.fl. Forslagsstillar vert underretta om godkjenning til å gå i gong med planarbeidet. Vedtaket er ikkje bindande for kommunen si seinare behandling av planforslaget. For grunngjeving viser ein til saksframlegget nedanfor.

Alternativt vedtak

Utval for areal, plan og miljø stansar, med heimel i plan- og bygningsloven § 12-8, 2. ledd, privat planinitiativ for regulering av Snekkevika, gnr. 464 bnr. 41 m.fl. For grunngjeving viser ein til saksframlegget nedanfor.

Utval for areal, plan og miljø 29.04.2020:

Handsaming:

Framlegg frå S.Toft-V rådm.sitt alt.framlegg:

Alternativt vedtak

Utval for areal, plan og miljø stansar, med heimel i plan- og bygningsloven § 12-8, 2. ledd, privat planinitiativ for regulering av Snekkevika, gnr. 464 bnr. 41 m.fl.
For grunngjeving viser ein til saksframlegget nedanfor.
Framlegget fekk 4 røyster og fall T.Sletten-Hansen-Fnb, S.Hopland-Fnb, V.Villanger-Sp og S.Toft-V
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster.

APM- 075/20 Vedtak:

Utval for areal, plan og miljø stansar ikkje, med heimel i plan- og bygningsloven §12-8, 2. ledd, privat planinitiativ for regulering av Snekkevika, gnr. 464 bnr. 41 m.fl.
Forslagsstillar vert underretta om godkjenning til å gå i gong med planarbeidet. Vedtaket er ikkje bindande for kommunen si seinare behandling av planforslaget.
For grunngjeving viser ein til saksframlegget nedanfor.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Saka går ut

KO- 026/20 Vedtak:

Saka går ut

027/20: Kommunedelplan for Meland temarullering areal for havbruk- Vidare prosess knytt til motsegn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommunedelplanen for Meland vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjerse.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Det vart stilt spørsmål ved habilitet for T.Skurtveit-AP, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak på at T.Skurtveit er inhabil i denne saka. H.Brunborg-AP møtte som vara i denne saka.

Framlegg frå MDG og V:

Alver kommunestyre aksepterer Fylkesmannen i Vestland si motsegn til tema havbruk i planen.

Grunngjeving:

1. Havbruk har uløyste ureiningsproblem som må løysast før utviding i produksjon og i ny areal.
2. Alver kommune er i oppstartsfasen med sine overordna planar for den nye kommunen, og eit interkommunalt planarbeid for sjømråda er i oppstartfasen. Det er naturleg at tema i kommunedelplanen for Meland kommune areal havbruk, må komme etter at dei overordna planane for Alver kommune og det interkommunale planarbeidet for sjømråda er på plass.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (M.Riise-MDG, L.Johnsen-MDG, S.Toft-V, H.Weber-R og A.Nordlund-SV).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 41 røyster, mot MDG, V, R og A.Nordlund-SV.

KO- 027/20 Vedtak:

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommunedelplanen for Meland vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjerse.

028/20: Godkjenning av planstrategi for Alver kommune 2020-2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner planstrategi for Alver kommune 2020-2023

Alver formannskap 12.03.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

Områdeplan for Midtmarka/ Flatøy går ut av planstrategidokumentet.

Grunngjeving: 1. Alver kommune står foran store planoppåver som må prioriterast før Midtmarkaplanane: - Samordne vedtekne planar frå dei tre samanslåtte kommunene - Lage nye heilskaplege planar for å ta heile Alver i bruk - Møte dei nye krava det grønne skiftet krever
2. Området er ikkje definert som eit nytt lokalsenter/regionsenter i intensjonsavtalen for Alver

Framlegget frå MDG fekk 1 røyst (L.Johnsen-MDG) og fall.

Framlegg frå KRF, H, SP og AP ved A.Byrknes-KRF:

Planstrategi i Alver kommune:

- Plan for skulebruksplan går ut
- Ny plan inn: Ruspolitisk plan

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 017/20 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner planstrategi for Alver kommune 2020-2023 med følgjande endring:

Skulebruksplan går ut. Ny plan, ruspolitisk plan.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Framlegg frå MDG, V, SV og Raudt ved L.Johnsen-MDG:

A. Områdeplan for Midtmarka/Flatøy vert teke ut av planstrategidokumentet.

Grunngjeving:

1. Prioritere plankapasitet. Kommunen er i oppstarten med nye, overordna planar som skal samordna planane frå dei tre samanslåtte kommunane. Dette vert eit krevjande arbeid, som bør ha fullt fokus og som plankapasiteten heller bør prioriterast til.
2. Alver kommune bør prioritere planar for å ta heile kommunen i bruk før nye planar sentralt.
3. Logisk og effektiv planrekkefølge. Kommunen sine overordna areal- og samfunnsplan må på plass før ein kan jobba vidare ned denne planen.
4. Området i og ved Midtmarka er ikkje definert som eit nytt lokalsenter eller regionsenter i intensjonsavtalen for Alver kommune. Ein kystlandsby vil konkurrera med Knarvik og øydeleggja for utviklinga av eit konsentrert og miljøvenleg regionsenter.
5. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har med stort fleirtal (12 røyster mot 5 frå Høgre og FrP) i møte den 30.04.2020 fremja motsegn mot planen.
6. Alver kommune må ta vare på verdifulle natur og friluftsområde, og ikkje byggja dei ned

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.

Grunngjeving:

Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnyttan vil vera svært låg.

C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.

A) framlegget fekk 19 røyster og fall V, R, SV, FNB, MDG og 3 SP

B) framlegget fekk 8 røyster og fall

C) framlegget fekk 17 røyster og fall (B.Bergetun var ikkje tilstade under røystinga)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 41 røyster, mot R, V, MDG og SV

KO- 028/20 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner planstrategi for Alver kommune 2020-2023 med følgjande endring:
Skulebruksplan går ut. Ny plan, ruspolitisk plan.

029/20: Tilsynsstrategi for Alver kommune 2020-2022**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Alver kommunestyre vedtar tilsynsstrategien.
Vedtaket er gjort med heimel i byggesaksforskriften § 15-1.

Utval for areal, plan og miljø 11.03.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 052/20 innstilling:

Alver kommunestyre vedtar tilsynsstrategien.
Vedtaket er gjort med heimel i byggesaksforskriften § 15-1.

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:****Framlegg om endring frå T.Larsen-H:**

Under kapittel 5.2 - lovlighetskontroll

Endre overskriften "vurdere å avstå:" til "Prioritet 4:"

Framlegget vart vedteke mot 8 røyster FNB

Innstillinga utval for areal, plan og miljø med endring frå T.Larsen vart samrøystes vedteke

KO- 029/20 Vedtak:

Alver kommunestyre vedtar tilsynsstrategien med endring i Under kapittel 5.2 - lovlighetskontroll

Endre overskriften "vurdere å avstå:" til "Prioritet 4:"

Vedtaket er gjort med heimel i byggesaksforskriften § 15-1.

030/20: Tilleggsfinansiering prosjekt 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett i 2020 for følgjande prosjekt:
35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit - kr 9,424 mill eks. mva. Auka på kr 2,5 mill eks mva vert delt likt mellom lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.
36006 Veg Holme-Tveit - kr 9,375 mill inkl mva. Tilleggsfinansieringa på kr 2,5 eks mva vert finansiert ved bruk av lånemidlar. Dersom kommunen får tilskot av fylkeskommunen fell løyvinga bort.

Alver formannskap 30.04.2020:**Handsaming:**

Orientering ved tenesteleiar Line Merethe Valle
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 044/20 innstilling:

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett i 2020 for følgjande prosjekt:
35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit - kr 9,424 mill eks. mva. Auka på kr 2,5 mill eks

mva vert delt likt mellom lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.
36006 Veg Holme-Tveit - kr 9,375 mill inkl mva. Tilleggsfinansieringa på kr 2,5 eks mva vert finansiert ved bruk av lånemidlar. Dersom kommunen får tilskot av fylkeskommunen fell løyvinga bort.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet samrøystes vedteke.

KO- 030/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett i 2020 for følgjande prosjekt:
35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit - kr 9,424 mill eks. mva. Auka på kr 2,5 mill eks mva vert delt likt mellom lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.
36006 Veg Holme-Tveit - kr 9,375 mill inkl mva. Tilleggsfinansieringa på kr 2,5 eks mva vert finansiert ved bruk av lånemidlar. Dersom kommunen får tilskot av fylkeskommunen fell løyvinga bort.

031/20: Tilleggsfinansiering VA-anlegg Buheim, Alversund

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner tilleggsfinansiering i prosjektet VA-anlegg Buheim, Alversund. Auka på 3,75 mill vert delt likt på lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.

Alver formannskap 30.04.2020:

Handsaming:

Orientering ved tenesteleiar Line Merethe Valle.

Følgjande endring i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte:

Kommunestyret godkjenner at midlar avsett til prosjektet VA-anlegg Buheim, Alversund i '2021, flyttast til 2020 i prosjektet.

Dei 3,75 mill som må flyttast vert delt likt på lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 045/20 innstilling:

Kommunestyret godkjenner at midlar avsett til prosjektet VA-anlegg Buheim, Alversund i '2021, flyttast til 2020 i prosjektet.

Dei 3,75 mill som må flyttast vert delt likt på lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 031/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner tilleggsfinansiering i prosjektet VA-anlegg Buheim, Alversund. Auka på 3,75 mill vert delt likt på lånemidlar på vatn- og avlaupsbudsjettet.

032/20: VA-prosjekt i økonomiplanen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke ramma knytt investeringsbudsjettet på avløp med totalt 12 mill. kr i 2020. Auken er knytt til oppgradering VA-anlegg Alversund i samband med utbygging (8 mill. kr), oppgradering Lindås (2 mill. kr) og Nystøltunet, Fyllingsnes (2 mill. kr). Prosjekta vert lånefinansiert og teken inn i investeringsoversynet i 1. tertialrapport 2020.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 032/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke ramma knytt investeringsbudsjettet på avløp med totalt 12 mill. kr i 2020. Auken er knytt til oppgradering VA-anlegg Alversund i samband med utbygging (8 mill. kr), oppgradering Lindås (2 mill. kr) og Nystøltunet, Fyllingsnes (2 mill. kr). Prosjekta vert lånefinansiert og teken inn i investeringsoversynet i 1. tertialrapport 2020.

033/20: Gebyrregulativ for vatn og avløp 2020, tilpassing til abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at gebyrregulativet for vatn og avløp 2020 får slikt tillegg:

«Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgebyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikheald av tank. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr.»

Alver formannskap 30.04.2020:**Handsaming:**

Orientering ved kommunalsjef Anny Bastesen.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 047/20 innstilling:

Kommunestyret godkjenner at gebyrregulativet for vatn og avløp 2020 får slikt tillegg:

«Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgebyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikheald av tank. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr.»

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Sp, Ap, Krf og H ved N.M.Aadland-H:

Kommunestyret oppmodar rådmannen til å utarbeide eit gebyrregulativ for 2021 som i større grad fangar opp dei faktiske kostnadane abonnentane med denne ordninga har, og at reduksjonen i framtidig årsavgift gjenspeglar dette.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 033/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyrregulativet for vatn og avløp 2020 får slikt tillegg:

«Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgebyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikheald av tank. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr.»

Kommunestyret oppmodar rådmannen til å utarbeide eit gebyrregulativ for 2021 som i større grad fangar opp dei faktiske kostnadane abonnentane med denne ordninga har, og at reduksjonen i framtidig årsavgift gjenspeglar dette.

034/20: Gebyr- og betalingssatsar for 2020. Festeavgift**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar festeavgifter for 2020 slik det ligg føre i saka. Festeavgiftene gjeld frå 01.01.2020

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 034/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtar festeavgifter for 2020 slik det ligg føre i saka. Festeavgiftene gjeld frå 01.01.2020

035/20: Retningsliner Ungdomsrådmidlane**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner retningsliner for Ungdomsrådmidlane slik deg ligg ved i saka.

Ungdomsråd 05.03.2020:**Handsaming:**

Orientering i saka v/Ebbe Io og Robert Lorang Hansen.

Felles framlegg frå Alver ungdomsråd:

Framlegg til retningsliner for ungdomsrådsmidlane vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Under punkt 2. krav til søkar, etter "ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar)." tilføye "Til dømes minst 3 ungdom (aktør) og eit Ungdomslag (aktør) i samarbeid."

Under punkt 3. kva og kor mykje kan du søka om? og under støtte. Etter "Inntil 15000,- per søknad" tilføye "Alver Ungdomsråd kan i særlege tilfelle vurdera høgare støtte til søknaden".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

UR- 012/20 uttale:

Framlegg til retningsliner for ungdomsrådsmidlane vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Under punkt 2. krav til søkar, etter "ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar)." tilføye "Til dømes minst 3 ungdom (aktør) og eit Ungdomslag (aktør) i samarbeid."

Under punkt 3. kva og kor mykje kan du søka om? og under støtte. Etter "Inntil 15000,- per søknad" tilføye "Alver Ungdomsråd kan i særlege tilfelle vurdera høgare støtte til søknaden".

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Robert Lorang Hansen-spesialkonsulent, ungdom, fritid og medverknad og Eirik B. Utne-kultursjef

Endringsframlegg 1. frå Thea Risøy-Krf:

Stryke siste del av første avsnitt, «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).»

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Thea Risøy-Krf, Jostein Borlaug-Åp, Anna Nordlund-SV)

Endringsframlegg 2. frå Sean Røskeland-H:

Endring i punkt 8:

Legg inn «sosiale medier». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivare tatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg 2. vart samrøystes vedteke.

OKK- 010/20 innstilling:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for Ungdomsrådmidlane slik dei ligg ved i saka, med endring i punkt 8:

Legg inn «sosiale medier». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:****Endringsframlegg frå T.Risøy-KRF:**

Stryke siste del av første avsnitt «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).»

Framlegget vart vedteke mot 9 røyster L.Bjørge-Sp, M.Riise-MDG, L.Johnsen-MDG, J.Hellestveit-Sp, M.B.Gjerde-SP, S.Knudsen-SP, V.Villanger-SP, A.Nordlund-SV og A.Fresvik-SV.

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 035/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for Ungdomsrådmidlane slik dei ligg ved i saka, med følgjande endringar

Punkt 8:

Legg inn «sosiale medier». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

Stryke siste del av første avsnitt «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).»

036/20: Prioritering søknader lokale kulturbygg Vestland fylkeskommune**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følgjer:

- (1) Ungdomslaget Varden: rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun
- (2) Manger ungdomslag: kjøkentilbygg til Solvang Ungdomshus
- (3) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningslinjer for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28.04.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 018/20 innstilling:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følgjer:

- (1) Ungdomslaget Varden: rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun
- (2) Manger ungdomslag: kjøkentilbygg til Solvang Ungdomshus
- (3) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningslinjer for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 036/20 Vedtak:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følger:

- (1) Ungdomslaget Varden: rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun
- (2) Manger ungdomslag: kjøken tilbygg til Solvang Ungdomshus
- (3) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

037/20: Tilsynsavgift for tobakksvarer frå 01.01.2020**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune si tilsynsavgift for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar vert sett til kr. 3150,-. pr. år.

For mellombelse salsstader for tobakksvarer vert avgifta sett til kr. 630,-.

Endringa gjeld frå 01.01.2020.

Utval for helse og omsorg 28.04.2020:**Handsaming:**

Utvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 015/20 uttale:

Alver kommune si tilsynsavgift for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar vert sett til kr. 3150,-. pr. år.

For mellombelse salsstader for tobakksvarer vert avgifta sett til kr. 630,-.

Endringa gjeld frå 01.01.2020.

Alver formannskap 30.04.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 043/20 innstilling:

Alver kommune si tilsynsavgift for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar vert sett til kr. 3150,-. pr. år.

For mellombelse salsstader for tobakksvarer vert avgifta sett til kr. 630,-.

Endringa gjeld frå 01.01.2020.

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 037/20 Vedtak:

Alver kommune si tilsynsavgift for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar vert sett til kr. 3150,-. pr. år.

For mellombelse salsstader for tobakksvarer vert avgifta sett til kr. 630,-.

Endringa gjeld frå 01.01.2020.

038/20: Lokal aktivitetsspakke for næringslivet knytt til koronaviruset**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag

(mogleighetsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til mogleighetsstudien, slik det er lagt fram i saka.

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast

i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020:

Handsaming:

Utvalet hadde ei grundig drøfting i saka.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande framlegg (framlegg 1):

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisa, og gjev si tilslutning til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande endrings- og tilleggsframlegg til vedtak for kommunestyret:

1. I andre avsnitt vert "næringsfondet" endra til "disposisjonsfondet".

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande sekundærframlegg (framlegg 2):

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisen, og gjev sin tilslutnad til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Utvalet vedtar at 750 000 til utarbeiding av eit felles kunnskapsgrunnlag (mogleighetsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover blir dekt av næringsfondet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til mogleighetsstudien, og at kommunestyret elles følgjer opp tiltaka i vedtaket - slik det er lagt fram i saka. Utvalet vurderer dette føremålet til å vera dekt under fondsvedtektene sitt føremål og målsetting.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:

"Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (mogleighetsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover. Finansieringa på 750 000 kr blir dekt frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til mogleighetsstudien, slik det er lagt fram i saka. (Jfr. vedtak i sak PS 022/20 i ND).

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Tormod Skurtveit (Ap) sette fram følgjande framlegg til nytt avsnitt 4 i rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret ber om at både Utval for næringsutvikling og drift og Formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF), sette fram følgjande framlegg til nytt avsnitt 4:

"Kommunestyret ber om at Utval for næringsutvikling og drift tar eit særleg ansvar for å følgja opp situasjonen og tiltak for næringslivet i eit heilskapleg perspektiv i lys av koronakrisa framover, og at utvalet vert halde orientert også om tiltak og framdrift i denne saka.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Framlegget fekk 0 røyster og fall.

Deretter vart det røysta over framlegg (framlegg 1) frå Stian Lavik. Framlegget fekk 2 røyster (Stian Lavik, KrF, Olav Steinar Namtvedt, Sp) og fall.

Stian Lavik sitt sekundærframlegg (framlegg 2) vart samrøystes vedteke.

Tormod Skurtveit og Stian Lavik sitt framlegg knytt til nytt avsnitt 4 vart sett opp mot kvarandre. Skurtveit sitt framlegg fekk 4 røyster (Tormod Skurtveit, Ap, Yngve Walaker, Fnb, Tommy Øvretveit, Frp, Maya Riise, MDG, og vart vedteke mot 3 røyster (Stian Lavik, KrF, Mabel

Johansen,H, Olav Steinar Namtvedt,Sp).

ND- 022/20 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisen, og gjev sin tilslutnad til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Utvalet vedtar at 750 000 til utarbeiding av eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover blir dekt av næringsfondet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, og at kommunestyret elles følgjer opp tiltaka i vedtaket - slik det er lagt fram i saka. Utvalet vurderer dette føremålet til å vera dekt under fondsvedtektene sitt føremål og målsetting.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:

“Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr blir dekt frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka. (Jfr. vedtak i sak PS 022/20 i ND).

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Kommunestyret ber om at både Utval for næringsutvikling og drift og Formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

Alver formannskap 30.04.2020:

Handsaming:

Sak 42/20 Lokal aktivitetsspakke knytt til koronaviruset, foreslått av Nils Marton Aadland, Høgre Tilleggsframlegg:

Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg om tillegg frå N.M.Aadland-H:

Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 042/20 innstilling:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka.

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast

i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024. Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå SP, AP, KRF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

Kommunestyret ber om at både utval for næringsutvikling og drift og formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 038/20 Vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (mogleighetsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til mogleighetsstudien, slik det er lagt fram i saka.

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Kommunestyret ber om at både utval for næringsutvikling og drift og formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

039/20: Medlemskap Klimapartner Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Klimapartner Vestland. Medlemskontingenten på 50.000 kr blir finansiert av Næringsfondet i 2020 og innarbeidast i driftsbudsjettet frå 2021.

Utval for næringutvikling og drift 11.03.2020:

Handsaming:

Nina Stabell Øvreås (Frp) sette fram følgjande endringsframlegg:

Alver kommune søker medlemskap i Klimapartner Vestland. Medlemskontingenten på 50.000 kr blir finansiert via driftsbudsjettet.

I ei prøverøysting vart røystetalet 3-3.

Ved endeleg røysting vart framlegget frå Nina Stabell Øvreås samrøystes vedteke.

ND- 015/20 innstilling:

Alver kommune søker medlemskap i Klimapartner Vestland. Medlemskontingenten på 50.000 kr blir finansiert via driftsbudsjettet.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Framlegg frå N.Bognøy-Ap:

Saka vert utsett til partnerskapsavtalen vert framlagt til politisk handsaming. Samt KO ber om sak til politisk drøfting om kven som deltek som samarbeidspartnarar i vidare arbeid.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 039/20 Vedtak:

Saka vert utsett til partnerskapsavtalen vert framlagt til politisk handsaming. Samt KO ber om sak til politisk drøfting om kven som deltek som samarbeidspartnarar i vidare arbeid.

040/20: Medlemsskap i Nettverk fjord- og kystkommuner**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune søker medlemskap i Nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemskostnadane på kr 45 000,- skal dekkast av driftsbudsjettet.

Utval for næringutvikling og drift 11.03.2020:**Handsaming:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 014/20 innstilling:

Alver kommune søker medlemskap i Nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemskostnadane på kr 45 000,- skal dekkast av driftsbudsjettet.

Alver kommunestyre 14.05.2020:**Handsaming:**

Innstillinga frå næringsutvikling og drift vart samrøystes vedteke.

KO- 040/20 Vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemskostnadane på kr 45 000,- skal dekkast av driftsbudsjettet.

041/20: Val av representantar til generalforsamling Aufera AS**Valnemnda sitt framlegg vert lagt fram i møtet****Valnemnda 29.04.2020:****Handsaming:****Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:**

Representantar til generalforsamlinga i Eufera vert Else Marie Skartveit Dale og Jostein Borlaug. Varamedlem vert Dag Sætre.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 008/20 innstilling:

Representantar til generalforsamlinga i Eufera vert Else Marie Skartveit Dale og Jostein Borlaug. Varamedlem vert Dag Sætre.

Alver formannskap 30.04.2020:**Handsaming:**

Samrøystes innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Representantar til generalforsamlinga i Eufera vert Else Marie Skartveit Dale og Jostein Borlaug. Varamedlem vert Dag Sætre.

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

FO- 049/20 innstilling:

Representantar til generalforsamlinga i Eufera vert Else Marie Skartveit Dale og Jostein Borlaug. Varamedlem vert Dag Sætre.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 041/20 Vedtak:

Representantar til generalforsamlinga i Eufera AS er Else Marie Skartveit Dale og Jostein Borlaug. Varamedlem er Dag Sætre.

042/20: Krav om lovlegkontroll av kommunestyrets vedtak om byvekstavtale i møte 20.februar 2020 – sak 003/20.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Krav om lovlegkontroll vert oversendt fylkesmannen for handsaming.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Justert framlegg frå rådmann vart lagt fram i møtet:

Kommunestyret kan ikkje sjå at vedtak om byvekstavtale, sak 003/20, inneheldt manglar som medfører at vedtaket er ulovleg. Krav om lovlegkontroll sendast til fylkesmannen for handsaming.

Rådmannen sitt justerte framlegg vart vedteke mot 10 røyster, alle FNB.

KO- 042/20 Vedtak:

Kommunestyret kan ikkje sjå at vedtak om byvekstavtale, sak 003/20, inneheldt manglar som medfører at vedtaket er ulovleg. Krav om lovlegkontroll sendast til fylkesmannen for handsaming.

043/20: Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv u.off.jf.off.lova § 13 3.ledd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Torbjørn Taranger blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Valnemnda 14.05.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 011/20 innstilling:

Torbjørn Taranger blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Innstillinga frå valnemnda var lagt fram i møtet:

Torbjørn Taranger blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 043/20 Vedtak:

Torbjørn Taranger er innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

044/20: Melding/orientering til kommunestyret 14.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 044/20 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

045/20: Interpellasjon**Interpellasjon frå Maria Færø – FNB:**

Alver FNB har fått fleire henvendinger frå fortvilte innbyggjarar som ikkje kjem i kontakt med NAV kontoret i Alver kommune. Det er åpningstider og tilgjengelighet i NAV-Alver denne interpellasjonen handler om.

NAV (Ny arbeids-og velferdsforvaltning) er underlagt Arbeids-og sosialdepartementet og har ansvar for organisering og finansiering av arbeidsmarkedstiltak, trygdeytelser og sosialhjelp. Gjennom partnerskapene har kommune og stat felles ansvar for driften av NAV-kontoret og skal sikre samordna tjenestetilbud til brukarane. Velferdssystemet vårt skal sikre innbyggjarane økonomisk ved til dømes sjukdom, skade, lyte og økonomisk sosialhjelp. Mange av våre innbyggjarar får soleis inntekta si frå NAV og er avhengig å ha dialog med kontoret. Men ordførar, tilgjengeligheten og åpningstida i NAV- Alver er skremmande dårleg. Vi er snart 30 000 innbyggjarar og 8 timer tilgjengelighet pr veke er fordelt slik; Måndag, tysdag, torsdag, fredag open frå 10.00-12.00 og onsdag stengt, er etter vår mening slett ikkje tilfredsstillande. FNB er sjølvstekt klar over at dialogen på nettet er meir tilgjengeleg. Men det betyr ikkje at ein nærmast kan stenge publikumskontakten, det må komme i tillegg. Ikkje alle er komfortable med skjermaveldet på nettet og «chat», men ynskjer heller dialog med ein saksbehandlar. Ikkje berre den fysiske kontakten er begrensa. FNB er også kjent med at det også er krevande å oppnå telefonkontakt med NAV. I følgje NAV sjølv skal saksbehandlar kontakte den som ringte innan to dagar. I følgje innbyggjarar vert ikkje dette oppfylt. FNB er tydeleg på at kritikken ikkje gjeld nokon spesiell saksbehandlar, men systemet og eigaren av NAV, nemleg stat og kommune.

FNB meiner Alver kommune har eit stort forbettringspotensiale mhp tilgjengelighet og vil derfor stilla ordførar følgjande spørsmål:

1. Synes ordførar at nemnde fysiske opningstider, dvs tilsaman 8 timar i veka er «godt nok» for innbyggjarane våre?
2. Kva er rutine for tilgjengelighet og kommunikasjon i Alver NAV som sikrar at innbyggjarane tilgjengelighet?
3. Korleis vert innbyggjarar som treng krisehjelp (jfr Lov om sosiale tenester) utanom opningstidene ivaretatt?
4. Korleis går ein fram dersom ein treng å nå NAV utanom opningstidene ved andre henvendingar som ikkje gjeld krisehjelp?
5. Vil ordføraren ta initiativer til å gå i dialog med NAV om å forbetra tilgjengeligheten, her opningstider?

Framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre ber om at ein går i dialog med Nav med det formål å betra fysisk tilgjenge for våre innbyggjar. Alver kommunestyre ber om tilbakemelding i neste kommunestyret.

Svar frå ordførar:

1. Synes ordførar at nemnde fysiske opningstider, dvs tilsaman 8 timar i veka er «godt nok» for innbyggjarane våre?

Svar:

Innbyggjarar, bedrifter og NAV Alver kan møtast fysisk på fleire mange måtar:

- Timeavtaler og planlagte møter
- Drop-in
- Gruppetilbod som ungdomstilbod, jobbsøkaraktivitet, rekrutteringstreff, språktrening, lekseverkstad, opplæringsløp i introduksjonsprogrammet osv.

NAV Alver har to midlertidig publikumsmottak i dag: I Knarvik og på Frekhaug, der tidlegare NAV Lindås og NAV Meland held til. Nye lokale er under planlegging, og ved 1. januar 2020 var det lagt til grunn at ingen av dei hadde kapasitet til å handtere all publikumskontakt for det nye NAV Alver, slik at begge vert drifta både med timeavtaler, møter og drop-in fram til nye lokalitetar er klare i Norbo-bygget i Knarvik.

Timeavtarar og planlagde møte står for storparten av fysiske møte, og publikumsmottaka våre har ope for det på kvardagar mellom kl. 08.30 – 15.00. Dei fleste møta skjer på NAV-kontoret, men stadig fleire av møta skjer hjå arbeidsplassar og samarbeidspartar, der det er tenleg.

I tillegg held NAV Alver ope fleire dagar i veka for drop-in-besøk, det som i interpellasjonen er skildra som opningstid på 8 timar pr. veke. Drop-in-besøka er over tid redusert då behovet for å møte opp slik har endra seg mykje. Årsaka til det er fleire: Tilbodet om timeavtarar er betre enn tilfeldige drop-in-besøk, digital verktøy gjer det enklare for mange å ha kontakt, og NAV-kontora sine tenester er endra mykje. I 2017 vart det innført ei endring i NAV for å betre kvalitetssikre informasjon om statlege ytingar, betre samordning mellom ulike einingar i NAV og styrke NAV lokal sin bistand til brukarar for overgang til arbeid. Endringa innebar å leggje informasjon om statlege ytingar til NAV Kontaktsenter og rutinar vart utarbeida for å sikre at brukarar som framleis treng fysisk oppmøte får hjelp til dette frå det lokale NAV kontoret.

For å yte god oppfølging og saksbehandling er timeavtarar det føretrekte møtepunktet, og ikkje tilfeldige drop-in-besøk. Individuelle omsyn er best å ivareta i timeavtarar, framfor i eit ope publikumsmottak. I ein timeavtale kan rettleiar førebu samtalen og setje opp den tida som er naudsynt, som regel 30-60 minuttar. Under drop-in-besøk kan ein få informasjon tilsvarande det som ligg på heimesider hjå nav.no og alver.kommune.no. Ein kan få hjelp til å finne fram i hjelpeapparatet, hjelp til sjølvbetjeningsløyser, og levere søknader om sosialhjelp og dokumentasjon. Det vert ikkje gjort «saksbehandling over disk» då alle søknader vert følgt opp individuelt.

Ei kartlegging i dei tre Alver-kontora våren 2019 viste at på det meste vert gjennomført ca. 50 timeavtarar og planlagde møte for dagen. Frå nyttår då NAV Alver vart etablert erfarte vi at innbyggjarane tilpassa seg fort endringane ved at NAV Alver sin lokalitet i Knarvik får eit større besøk frå alle delar av kommunen enn venta, medan Frekhaug har eit mindre og minkande publikumsbesøk enn venta. Ny kartlegging av fysiske brukarmøte vart derfor planlagt i vår, men pga. korona-situasjonen utsett. Utfrå dei lokalitetar og rammar NAV-kontoret har er det eit ønske å dimensjonere dei ulike kanalane så det blir som best utfrå behov og ressursbruk. NAV Alver sine opningstider for drop-in skil ikkje ut i høve til andre NAV – kontor på same storleik. NAV Bjørnafjorden har ope for drop-in-besøk måndag, onsdag og fredag kl. 11.00 – 14.00, NAV Sunnfjord og NAV Askøy har ope for drop-in måndag, onsdag og fredag kl. 12.00 - 14.00.

NAV Alver har i lag med innbyggjarservice i Alver kommune laga ein tenestepakke slik at innbyggjarar kan møte opp t.d. på Manger å få hjelp til å kontakte NAV eller levere søknad om sosialhjelp. NAV Alver kan gjennomføre timeavtarar i lokala til innbyggjarservice.

2. Kva er rutine for tilgjengelighet og kommunikasjon i Alver NAV som sikrar at innbyggjarane tilgjengelighet?

Svar:

Auka digitalisering og endra tenester/oppgåver ved det lokale NAV-kontoret har redusert behovet for å møte opp fysisk. Digitale løysingar er etterspurt av mange og aukar tilgjengelegheit, og NAV har over tid prioritert ressursar for å lage brukarvenlege og enkle løysingar. Mange erfarer det som ei forenkling og modernisering, medan andre kan bli usikker og sakne det tradisjonelle oppmøte til ein skranke i eit offentleg kontor.

NAV-kontoret har sidan NAV-etableringa i 2006 endra seg mykje. Til dømes er vedtak og utbetalingar av pensjonar, foreldrepengar, pleiepengar, sjukepengar, dagpengar lagt til andre NAV-einingar enn det lokale NAV-kontoret. Det gjeld også all rettleiing og informasjon om desse stønadene, og informasjon om status og utbetaling i den einskilde si sak. Tidlegare måtte ein også møte opp ved det lokale NAV-kontoret for å levere søknader, skjema, meldekort og dokumentasjon osb. Dei fleste ordnar dette i andre kanalar enn fysisk oppmøte, og berre dei som treng hjelp til å finne ut av det møter opp på NAV-kontoret eller ringjer NAV Kontaktsenter.

NAV sine mange kontaktflater utanom timeavtalar og gruppetilbod:

- Bruke Ditt NAV eller chat med oss på nav.no
- Ring 55 55 33 33 for hjelp eller for å avtale ein time med rettleiar
- Spørsmål om pensjon? Ring oss på 55 55 33 34
- Spørsmål om gjeldsrådgjeving? Ring oss på 55 55 33 39
- Er du arbeidsgjevar? Ring oss på 55 55 33 36
- Innbyggjarservice i Alver kommune på telefon eller oppmøte kvar dag kl 08.30- 15.00
- Drop-in-besøk på bestemte tider hjå NAV Alver

For dei innbyggjarane som ikkje brukar digitale løysingar gjev NAV opplæring og rettleiing for å medverke til at innbyggjarar får digital kompetanse. I publikumsmottaka våre har vi Pcar, skrivar og kopimaskin for dei som treng det. Det næraste føremålet er at innbyggjarane er sjølvhjelpne og digitale, ikkje berre for å meistre digitale løysingar hjå NAV, men også fordi arbeidsliv og samfunnsliv fordrar grunnleggjande digital kompetanse som t.d. kunne logge seg på med Bank ID.

I ungdomstilbodet vårt «Aktiviteten» deltar også sosialfagleg rettleiar, slik at desse ungdomane får evt. hjelp til sosialhjelp ivaretatt der, og treng ikkje møte i publikumsmottaket.

Koronasituasjonen gjorde at NAV Alver fekk på plass fleire kanalar for å styrke tilgjengelegheita då publikumsmottaka vart stengde for fysisk oppmøte og tilsette måtte arbeide på heimekontor.

- Frå 12. mars 2020 etablerte NAV Alver to kontakttelefonar for å sikre lett tilgjenge for dei som treng krisehjelp, økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving eller Flyktingtenesta.
- 30. mars 2020 fekk NAV Alver og dei andre NAV – kontora i Nordhordland digital og etterspurt løysing for å levere søknader om sosialhjelp. Ei digital løysing for å søkje sosialhjelp vil bety at færre treng møte opp for å levere søknad og dokumentasjon. Erfaringar frå andre NAV-kontor med digital løysing for sosialhjelp syner at mellom 65-75% av søknadene kjem til NAV digitalt. Ei digital løysing for sosialhjelp vil styrke tilbodet til innbyggjarane både i høve tilgjenge og service.

I Knarvik er det postkasse i 1. etg, som innbyggjarane kan bruke dersom ærendet deira består av å levere dokumentasjon, søknader eller anna. Innbyggjarar kan også levere inn post til NAV Alver hjå Innbyggjarservice. Under koronasituasjonen frå 12. mars har innbyggjarar lagt post til NAV i postkassane til Innbyggjarservice, som vi har fått i hende via internposten. Samarbeidet med Innbyggjarservice er kome i stand pr. nyttår 2020, vi har jobba ut tenestepakke/rutiner og det er gjennomført opplæring slik at ein er trygg på kva ein tek i mot

og korleis løse innbyggjarar til NAV.

Informasjonsarbeid er viktig for å styrke tilgjengelegheita. Heimesidene til Alver kommune er ein viktig kanal, og det er også kontakt og samarbeid med faginstansar og hjelpeapparatet.

3. Korleis vert innbyggjarar som treng krisehjelp (jfr Lov om sosiale tenester) utanom opningstidene ivaretatt?

Svar:

NAV Alver har opne på dagtid og på kvardagar.

Fram til kl. 15.30 kan ein ringe NAV Kontaktsenter eller fram til kl. 15.00 kan ein ringje eller møte opp ved Innbyggjarservice.

- NAV Kontaktsenter har tilgang til opplysningar om utbetalingar av sosialhjelp, lengde på vedtak som dei informerer om. Dei gjer rettleiing eller hjelper til å få timeavtale.
- Chat med NAV om sosialhjelp på sjølvbetjeningsløysingar. Chat sosial er opne kvardagar kl. 09.00-14.30
- Kontakt/behov formidlast utover kontortid gjennom «Mitt NAV», men vert ikkje handsama før neste virkedag
- Innbyggjarservice har intern kontakttelefon som fungerer som vakttelefon i ein krisesituasjon eller til rettleiing for innbyggjarservice, den er betjent dagleg kl. 08.00 – 16.00

Ved krisehjelp der til dømes innbyggjar manglar ein plass å sove, mat eller medisinar gjeld det eigne rutinar for NAV Kontaktsenter. Dei tek då kontakt med ein gong med lokalt NAV-kontor ved rettleiar eller leiar for å varsle om krise. Dersom det er barn involvert er terskelen låg for å definere ærendet som krisehjelp. Krisehjelp skal ytast innan 48 timar, og avhengig av når dagen krisebehovet vert meldt vert det ytt krisehjelp same dag eller innan neste dag. Spesielt på innkomne saker om krisehjelp på fredagar er det auka innsats for å handtere dette før helga.

NAV Alver har eigne kontaktpersonar for kommunen sitt psykososiale kriseteam for å medverke til direkte samhandling for innbyggjarar i større kriser.

4. Korleis går ein fram dersom ein treng å nå NAV utanom opningstidene ved andre henvendingar som ikkje gjeld krisehjelp?

Svar:

Svaret på dette vert det same som på spørsmål 3.

5. Vil ordføraren ta initiativer til å gå i dialog med NAV om å forbetra tilgjengeligheten, her opningstider?

Svar:

NAV Alver skal i løpet av 2020 få utvida og til dels nye lokale i Knarvik. Eit av dei viktigaste omsyna ved nye lokalitetar er utbetring av publikumsområdet. I 1.etg skal det etablerast eit moderne møtesenter med gode fasilitetar for time-avtalar, drop-in, publikum-pc, opplæring, informasjonsmøte og aktivitetstilbod. Noverande publikumsområde er ikkje lenger tenleg i høve til brukaroppleving, drift, logistikk og tryggleik.

I samanheng med opning av nytt møtesenter skal også spørsmål om opningstider avklarast i

partnerskapet for NAV Alver (kommunal/Alver kommune og statleg/NAV Vestland eigar).

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

Kommunestyret røysta over realitetshandsaming av saka.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om å realitetshandsama saka.

Framlegg frå Ø.Oddekalv-Ap:

Oversendingsforslag: Kommunestyret sender interpellasjonen over til fagutvalet, helse og omsorg, for vidare behandling der. I etterkant av behandlinga blir det og gitt ei orientering i kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 045/20 Vedtak:

Kommunestyret sender interpellasjonen over til fagutvalet, helse og omsorg, for vidare behandling der. I etterkant av behandlinga blir det og gitt ei orientering i kommunestyret.

046/20: Retningsliner for vidare drift av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide retningsliner for vidare drift av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19.

Retningslinene skal erstatte forskrift om avgrensing av bruken av campingplassar, bubilcamping og båthamner i samband med Covid-19, vedtatt i formannskapet 03.04.20 (sak 36/20)

Forskrift gjeld fram til retningslinene er godkjent. Kommuneoverlege får fullmakt til å godkjenne retningslinene.

Forskrifta og retningsliner vert uansett oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Hansaming:

Orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun.

Det vart lagt fram endra framlegg til vedtak frå rådmann i møtet:

Kommunestyret opphever forskrift om avgrensing av bruken av campingplassar, bubilcamping og båthamner i samband med Covid-19. Opphevinga gjeld frå 14.05.2020

Rådmannen sitt endra framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 046/20 Vedtak:

Kommunestyret opphever forskrift om avgrensing av bruken av campingplassar, bubilcamping og båthamner i samband med Covid-19. Opphevinga gjeld frå 14.05.2020

047/20: Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte - justering 14.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket skal førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stenger for utleige av alle kommunale bygg og eigedomar, og stenger idrettshallar og svømmehallar fram til 1. september 2020.

I tillegg avlyser kommunen alle arrangement som er knytt til fysisk deltaking og utleige av kommunen sine lokalar i same tidsrom.

Utandørs idrettsanlegg kan opnast for aktivitet i samsvar med nasjonale smittevernreglar.

Kommunen kan nytte kommunale bygg og eigedomar til eigne tenester og aktivitetar etter gjeldande smittevernreglar, dette inkluderer også politiske møte.

Økonomisk ansvar

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

Vedtaket etter smittevernlova

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 14. mai 2020 til kommunen gjer nytt vedtak.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Handsaming:

R.BØ-FRP og S.Knudsen-SP var ikkje med under røystinga i denne saka grunna teknisk problem.

Det var 38 representantar tilstade under røystinga.

Framlegg om endring frå S.Toft-V:

Forslag om å endre første kulepunkt i rådmannen sitt forslag:

Kommunen opnar igjen for utleige til lokale lag og organisasjonar i alle kommunale bygg og eigedomar, inkludert idrettshallar frå og med 18.mai 2020. Opplagg for smittevern må dokumenterast og sendast inn til kommunen.

Framlegget fekk 5 røyster og fall S.Toft-V, M.Johnsen-H, L.Johnsen-MD, H.Weber-R og M.Riise-MDG

Framlegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:

Endre rådmannens punkt 1 til:

Kommunen stenger for utleige av alle kommunale bygg og eigedomar, og stenger idrettshallar fram til 20. juni 2020. Symjehallar haldes stengt til skulestart. Kommunestyret ber rådmannen utrede mulige løsnings- og retningslinjer for å åpne kommunale idrettshaller for born og unge etter skoleferien starter.

Formannskapet får fullmakt til å gjere ei ny vurdering og fatte nytt vedtak.

Framlegget vart vedteke mot 3 røyster, H.Weber-R, S.Toft-V og M.Johnsen-H

Rådmannen sitt framlegg med endring vart vedteke mot 1 røyst, S.Toft-V

KO- 047/20 Vedtak:

Vedtaket skal førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stenger for utleige av alle kommunale bygg og eigedomar, og stenger idrettshallar fram til 20. juni 2020. Symjehallar haldes stengt til skulestart. Kommunestyret ber rådmannen utrede mulige løsnings- og retningslinjer for å åpne kommunale idrettshaller for born og unge etter skoleferien starter.

Formannskapet får fullmakt til å gjere ei ny vurdering og fatte nytt vedtak.

I tillegg avlyser kommunen alle arrangement som er knytt til fysisk deltaking og utleige av kommunen sine lokalar i same tidsrom.

Utandørs idrettsanlegg kan opnast for aktivitet i samsvar med nasjonale smittevernreglar. Kommunen kan nytte kommunale bygg og eigedomar til eigne tenester og aktivitetar etter gjeldande smittevernreglar, dette inkluderer også politiske møte.

Økonomisk ansvar

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

Vedtak etter smittevernlova

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 14. mai 2020 til kommunen gjer nytt vedtak.